



Fylkesmannen i Hordaland
P.b 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1419 - 15/13498

Saksbehandlar:
Anny Bastesen
anny.bastesen@meland.kommune.no

30.06.2015

HØYRING, Blom Fiskeoppdrett AS og søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika til Holme

Saka gjeld

Meland kommune har ved brev registrert inn 14.04.2015 motteke søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Søknaden gjeld flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika ved Hjertås til eit område ved Holmeknappen.

Bakgrunnen for flyttinga er at utviding og oppgradering av anlegget i Laksevika er i konflikt med militær forbodssone. Meland kommune gav i første omgang dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for utviding av anlegget i Laksevika, ved administrativt vedtak datert 13.02.2014. Forsvaret klaga på vedtaket med tilvising til at anlegget ligg i ei streng, lov- og forskriftsregulert militær forbodssone i sjø, der det ikkje er høve til auka aktivitet. Kommunen måtte derfor oppheve vedtaket om dispensasjon, i eige vedtak datert 15.12.2014.

Anlegget slik det ligg i dag treng oppgradering m.a. i høve til teknisk regelverk om endringar i fortøyingsliner og –vinklar, i høve til å gjere anlegget meir rømmingssikkert og tiltak for å få betre gjennomstrøyming i nøtene og betre miljøforhold under anlegget. Det er også trond for utviding av kapasiteten. Desse tiltaka er det ikkje høve til å gjennomføre i Laksevika.

Planstatus

Området i Laksevika var sett av til Akvakultur i den førre arealdelen til kommuneplanen, vidareført i den nyleg godkjente kommuneplanen gjennom vedtak i kommunestyret 17.06.2015. Søknaden om endra plassering av anlegget kom for seint inn til at kommuneplanen kunne reviderast før sluttbehandling.

Området ved Holme er ikkje sett av til noko særskilt formål i kommuneplanen, og administrasjonen vurderer ikkje at plasseringa av oppdrettsanlegget der kjem i konflikt med annan aktivitet. Området ved land litt lenger nord, inn mot Kjedalen, er sett av til kaste- og låssetningsplass. Søknaden gjeld eit område lenger sør, utanfor Børegavlen.

Førebels vurdering

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Det bør leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør vere forsiktig med å gje dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden. Jf plan- og bygningslova kap. 19.

Administrasjonen kjenner ikkje til særskilte negative erfaringar med drifta av anlegget slik det er plassert i Laksevika, utover konflikten med Forsvaret. Kommunen har, gjennom behandlinga av kommuneplanen – samfunnssdelen og arealdelen – vedtatt at næringsutvikling er eit stort satsingsområde i Meland.

Administrasjonen ser ikkje vesentlege negative konsekvensar ved å flytte anlegget til Holme. Plasseringa utanfor Børegavlen skapar noko avstand til det kulturhistoriske miljøet på Holmeknappen.

Høyring og vidare saksgang

Dispensasjonssøknaden vert med dette sendt på høyring med frist for merknader sett til **12.08.2015**.

Eventuelle merknader må sendast til Meland kommune ved e-post til: postmottak@meland.kommune.no
Alternativt som vanleg post til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Oppgi arkivsaksid 15/1419 så kjem merknaden inn på rett sak.

Dersom kommunen gjev dispensasjon frå arealdelen for å flytte anlegget, vil Hordaland Fylkeskommune v/Klima og naturressursavdelinga behandle sjølve søknaden m/tekniske krav og utgreiingar / konsekvensvurderingar. Søknaden m/konkrete tiltak vil då bli utlyst og kommunen vil få saka tilbake på høyring.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Vedlegg:

Oversiktskart Holme
Søknad om dispensasjon - Laksevika - Meland kommune 2015

Kopi til:

Blom Fiskeopdrett as

Ulvøyvegen 130 5337

RONG

Mottakere:

| | | | |
|------------------------------|-------------------|------|-----------|
| Fylkesmannen i Hordaland | P.b 7310 | 5020 | BERGEN |
| Hordaland Fylkeskommune | Regionalavdelinga | 5020 | BERGEN |
| Kystverket | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Bergen og Omland Friluftsråd | Hellebakken 45 | 5035 | BERGEN |
| Bergen og Omland havnevesen | Postboks 6040 | 5892 | BERGEN |
| Fiskeridirektoratet region | Postboks 233 | 5804 | BERGEN |
| Hordaland | | | |
| Fiskarlaget Vest | | | |
| Bergen Sjøfartsmuseum | | | |
| Liv Olaug Stokholm | Holmeknappen 58 | 5918 | FREKHAUG |
| Asle Brakstad og Elin Iden | Holmeknappen 54 | 5918 | FREKHAUG |
| Knut Sagstad | Holmeknappen 56 | 5918 | FREKHAUG |
| Ku Chunping | Holmeknappen 52 | 5918 | FREKHAUG |
| Ture Andersen | Holmeknappen 30 | 5918 | FREKHAUG |
| Anne og Leif Johnsen | Holmeknappen 49 | 5918 | FREKHAUG |
| Randi Vikan | Holmeknappen 51 | 5918 | FREKHAUG |
| Kjell Hjertås | Holmeknappen 21 | 5918 | FREKHAUG |
| Steinar I. Sagstad | Foldnesvegen 229 | 5354 | Straume |
| Unni S. Sagstad | Holmeknappen 25 | 5918 | FREKHAUG |
| Beate Reinertsen Sæle | Kalihaugen 73 | 5268 | HAUKELAND |
| Arnold Tveit | Hoplandsvegen 4 | 5918 | FREKHAUG |
| Liv Hopland Van der Koj | Hoplandsvegen | 5918 | FREKHAUG |
| | 141 | | |